


SY RYGGEN MIN MED  
EI TJUKK NÅL OG EIN  
TRÅD. LÆRAREN DIN  
KAN VISE DEG KORLEIS.

SKRIV NAMNET  
DITT I RAMMA  
PÅ FORSIDA.

FARGELEGG MEG!



si vesle bok om



insekt



**FN-SAMBANDET**  
UNITED NATIONS ASSOCIATION OF NORWAY



**FN-SAMBANDET**  
UNITED NATIONS ASSOCIATION OF NORWAY


## Kva er FN?

Kva er FN? FN står for Dei foreinte nasjonane. I FN møter sjefane for alle landa i verda for å forsøke å bli einige i nokon av dei store problema vi har i verda i dag.



## Kva er FN-sambandet?

FN-sambandet er ein organisasjon som jobbar for at alle i Noreg skal ha kunnskap om FN og kva som skjer i verda.




## VISSTE DU AT ...

... alle insekt har seks bein?  
Edderkoppen har åtte bein og  
er ikkje eit insekt!



... insekta luktar,  
smakar og høyrer  
med følehorna?




... auga til insekta eigentleg er  
mange bitte små auge som  
står tett i tett?

## Insekta er viktige for oss

Visste du at insekta gjer ein veldig viktig jobb for oss menneske? Mykje av den maten vi et **TRENG NEMLEG HJELP** frå insekta!

Det er insekta som gjer at plantane kan få blomar og frukter **TIL Å SPREIE SEG**. Når insekta drikk söt saft frå plantar, festar pollenen frå plantane seg på dei og **BLIR MED TIL NESTE PLANTE**. Pollenet treff den neste planten og slik blir det **NYE FRØ**. Dette heiter pollinering. Det er slik vi får eple, paprika, sjokolade og veldig mange andre frukter og grønsaker.

Insekta er også **MAT FOR DYRA**. Og både fiskar og fuglar som et insekta kan vere **MAT FOR OSS**.



### VISSTE DU AT ...



... omtrent 2 milliardar menneske i verda et insekt?

#### OPPGÅVE 1: TEL BIENE

Kor mange bier finn du i heftet?

---

#### OPPGÅVE 2: FINN SVARET

Kvífor er insekta viktige for oss menneske?

---

---

---

---

---

### OPPGÅVE 3: BOKSTAVINSEKT

Teikn bokstaven din om til eit superinsekt. Kva kan bokstavinsektet ditt gjere?




**LÆR MEIR →** Sjå filmen frå GlobalisVideo om paranøtt-treet! Gå til [www.youtube.com](http://www.youtube.com) og søk på «Paranøtten».

### OPPGÅVE 4: MIDDAG

Sjå på fatet ditt ein dag du et middag. Har insekta gjort ein jobb for noko du finn der?

### OPPGÅVE 5: BINGO

Gå på tur for å sjå om du kan finne tinga under. Set kryss på dei du finn.



## Insekta er truga

Mange insekt er i dag **TRUGA OG KAN FORSVINNE**. FN seier det er måten **VI MENNESKE** brukar jordkloden på som er farleg for insekta.

Vi har **HOGD NED MASSE SKOG** for å lage plass til å dyrke mat til oss menneske, men også for å drive gruver. **SKOGEN ER HEIMEN** til dei fleste insekta, plantane og dyra. Når vi hogger han ned, får dei mindre plass å leve på.

Søppel frå fabrikkar blir også slokke ut i elvar og hav, og denne **FORUREININGA** gjer livet til mange insekt vanskeleg.



### OPPGÅVE 6: FINN SVARET

Nemn to ting som gjer at insekta kan forsvinne.

---

---

---

---

---

---

---

---

**LÆR MEIR →** Sjå filmen frå Sabima om kvifor vi treng naturmangfaldet! Gå til [www.youtube.com](https://www.youtube.com) og søk på «Hvorfor trenger vi naturmangfold?»

**LÆR MEIR →** Sjå filmen frå Sabima om kva vi kan gjere for å ta vare på naturmangfald! Gå til [www.youtube.com](https://www.youtube.com) og søk på «Hvordan kan vi ta vare på naturmangfoldet?»


## Saman for insekta

Sidan insekta gjer ein viktig jobb for at vi skal ha **NOK OG SUNN MAT**, må vi passe godt på dei. I FN er leiarane i verda blitt samde om at vi skal **PASSE EKSTRA GODT PÅ JORDKLODEN VÅR** framover. Det er viktig for at han skal vere ein god stad å bu på no og i framtida.

I 2015 bestemte landa i FN seg for ein felles plan med 17 mål. Fram mot 2030 skal landa jobbe saman for at ingen skal vere fattige og at **ALLE SKAL HA LIK SJANSE** til å leve gode liv. Vi skal også forureine mindre, slik at jorda ikkje blir **VARMA OPP** så mykje. Planen heiter **FNS BEREKRAFTSMÅL** og gjeld for alle land, også Noreg.

Dei som bestemmer i kvart land har det største ansvaret for å passe på. I Noreg har vi lover og reglar som skal sørge for at vi også **TAR VARE PÅ** insekta.

Bønder i Noreg får no pengar for å la det vere meir **VILLE VEKSTAR** på jorda sine. Då har bier, humler og andre insekt det betre der. **DU OG EG** kan også hjelpe til. Vi kan la vere å bruke stoff som er skadelege for naturen i hagen, og vi kan **SÅ PLANTAR** som bier og humler liker.



### OPPGÅVE 7: FINN SVARET

1. Kva heiter planen som skal sørge for at vi passar ekstra godt på jordkloden framover?
2. Kva kan vi gjere for å hjelpe insekta?

---

---

---

---

---

---

---

---


#### OPPGÅVE 8: DISKUTER I KLASSEN

Her ser du 3 av dei 17 berekraftsmåla. Korleis kan ein seie at måla handlar om insekt?



#### OPPGÅVE 9: BRA OG DÅRLEG

Finn minst to ting på biletet som er bra for insekta. Teikn grøn ring rundt dei. Finn minst to ting på biletet som er dårlig for insekta. Teikn raud ring rundt dei.



## OPPGÅVE 10: KOR HAR INSEKTA DET BRA?

Teikn eit kart over uteområdet på skulen eller i nabolaget ditt.

Teikn ein ring rundt dei stadane som er bra for insekta. Teikn noko som kan gjere staden enda betre for insekta.



### OPPGÅVE 11: TENK SJØLV

Skriv tre ting du synast andre bør vite om insekt.

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

### VISSTE DU AT ...



... meir enn  $\frac{3}{4}$  av verdas  
dyr er insekt?

... monarksommarfuglen flyr  
heile 4 000 km frå Canada  
til Mexico kvar haust?  
Sommarfuglen veg eit halvt  
gram og er 10 cm lang.

... regnskogen er heimen  
til over halvparten av alle  
insekt-, dyre-, og planteartar?

**LÆR MEIR →** Vil du vere med på jakta etter artar i naturen?  
Bli med på [www.artsjakten.no!](http://www.artsjakten.no)

**LÆR MEIR →** Vil du lære meir om natur, miljø, berekraftsmåla, FN og mykje meir? Besøk [www.fn-filuren.no!](http://www.fn-filuren.no)

## VISSTE DU AT ...

... Noreg er eit av verdas viktigaste land for humler? Heile 35 av dei drygt 250 humleartane vi kjenner i dag bur her.

